

## Forventningsdokument mellom heim og skule

Dokumentet er laga etter innspel frå foreldrekontaktane, personalet og elevrådet ved Bø skule, hausten 2014.

*Foreldre/føresette har hovudansvaret for eigne barn, og dei har stor innverknad på motivasjonen og læringsutbyttet deira. Samarbeidet mellom skule og heim er sentralt både for å skape gode læringsvilkår for kvar elev og for eit godt læringsmiljø. God kommunikasjon om den faglege og sosiale utviklinga til elevane må vere sentralt i samarbeidet. Samarbeidet mellom skule og heim er eit gjensidig ansvar, men skulen skal ta initiativ og leggje til rette for samarbeidet.*

### Skulen:

- Ser alle elevane, tek dei på alvor og respekterer dei.
- Gjev alle elevane tilpassa opplæring, legg til rette for mangfald og variasjon.
- Arbeider for eit godt læringsmiljø og held oppe læringstrykket.
- Arbeider for eit godt psykososialt miljø, og følgjer mobbeplanen.
- Har god kontakt med heimen. Gjennomfører 2 utviklingssamtalar og 2 foreldremøter i året, samt ein «bli-kjent» samtale ved bytte av kontaktlærarar.
- Arbeider med vurdering for læring, og involverer elevane i læringsarbeidet. Elevane får tilbakemeldingar som fortel om kvaliteten på arbeidet vurdert i forhold til måla i læreplanen.

### Heimen:

- Støttar opp om læring, gode arbeidsvanar, og ser til at lekser vert gjort skikkeleg og til rett tid.
- Held seg oppdatert på planar og har god kontakt med skulen, både når det gjeld det faglege og det sosiale.
- Stiller førebudd til samtalar.
- Er aktive i kampen mot mobbing, medvitne i forhold til inkludering av alle.
- Snakkar positivt om skulen og syner gode haldningar heime.
- 

### Elevane:

- Har orden i sakene sine, og tek vare på skulen sin eigedom.
- Følgjer reglane på skulen.
- Kjem presis, følgjer med i timane og held arbeidsro.
- Gjer leksene skikkeleg til rett tid.
- Respekterer dei vaksne, er positive og gilde med kvarandre.
- Våger å spør om hjelp.



## Foreldrekontakte ved Bø skule

- Møte med kontaktlærarane på trinnet i starten av skuleåret. Planlegging av året; vennegrupper, sosial tilstelling, avslutning og liknande. Ansvar for ein sosial tilstelling i året. Fleire ved behov.
- Er med i planlegging av foreldremøtet om våren saman med kontaktlærarane.
- Organiserer med foreldre/føresette til turar, køyring, overnatting, kakebaking, kaffikoking og liknande ved behov.
- Tek kontakt med skulen i forhold til saker som angår trinnet generelt. Melder saker til FAU som gjeld for heile skulen.
- Det skal vere ein foreldrekontakt og ein vararepresentant i kvar basisgruppe. På 1.trinn vel ein foreldrekontakte og vararepresentantar. Året etter vert fjarårets vararepresentant foreldrekontakt, og nye vararepresentantar vert valt. Foreldrekontakteane har ansvar for å gjennomføre valet, og kan evt. ta kontakt med aktuelle representantar på førehand.

### Spesielt for foreldrekontakte på 6.trinn:

- Ansvar i forhold til organisering av 17.mai-feiringa.
- Opprette klassekasse til «leirskule» på Ognatun i starten på 7.trinn. Innsamling i samarbeid med kontaktlærarane, til dømes kakesal. Finansiering: Skulen betaler kr 200,- pr elev, FAU betaler kr 100,- pr elev. Klassekasse skal dekke det resterande.

### Spesielt for foreldrekontakte på 7.trinn:

- Planlegge og setje opp ein plan for turen til Ognatun i lag med kontaktlærarane, samt organisere med foreldre/føresette til deltaking og overnatting på turen.
- Planlegge avslutningsfesten i lag med kontaktlærarane. Finansiering: FAU betaler for mat/drikke dersom det er pengar att etter 17.mai-arrangementet. Viss ikkje, finn ein andre måtar å løyse dette på, til dømes ved å ta inngangspengar, foreldre/føresette har sjølv med mat, eller liknande.

### Tips til sosiale tilstellingar / tema på foreldremøte:

- quizkveld, spelekveld, disco, turar, overnatting på skulen, ishallen, Jærmuseet, akekveld, karneval, påskesamling, grillkveld, krabbing, tur på stranda, foreldrekveld, løa, gymsalen, kveldsmat, teiknifest, overnattingstur, juleverkstad, aktivitetskveld, natursti.
- lesing, barnevakten, bokkveld, nettbruk, barn ig sorg, skilsmisser, kosthald, trygg i trafikken, mobbing, fødselsdagar, fjernsyn og dataspel, mobiltelefon, "alle andre får lov", kjøpepress, mobbing, trivsel, åferd, grensesetting, reglar og normer, pubertet, ungdom.

## FAU ved Bø skule

- FAU er foreldrerådet (alle foreldre som har barn i skulen) sitt arbeidsutval. FAU har møte om lag kvar 6.veke, der skulen er representert ved rektor. Opplæringslova § 11-4.
- Det vert valt ein representant og ein vararepresentant til FAU på 1., 3., 5. og 7.trinn. Alle sit i 2 år utanom representant frå 7.trinn. FAU-representant er sølv ansvarleg for gjennomføring av valet, og det skal vere klart til oppstart av nytt skuleår. Representant på 1.trinn vert valt på første foreldremøte i august/september.
- FAU-representant frå 6.trinn er med i 17.mai-komiteen på Nærbø.